

Finn Ove Båtevik

Notat 1/2014

**Inn på tunet i Sogn og Fjordane**



<b>Tittel</b>	Inn på tunet i Sogn og Fjordane
<b>Forfatter</b>	Finn Ove Båtevik
<b>Prosjektleder</b>	Finn Ove Båtevik
<b>Sider</b>	15
<b>Prosjektnummer</b>	17148
<b>Prosjekttittel</b>	Inn på tunet (IPT) i kommunal tenesteproduksjon – frå prosjekt til drift
<b>Oppdragsgivar</b>	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
<b>Ansvarleg utgivar</b>	Møreforskning Volda
<b>ISSN</b>	1851-5973
<b>Distribusjon</b>	Open <a href="http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=1009">http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=1009</a> <a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a>
<b>Nøkkelord</b>	Kommunal organisering, helse, utdanning

I underkant av halvparten av kommunane i Sogn og Fjordane brukar Inn på tunet-ordninga. Dei kommunane som var med i undersøkinga, har 61 brukarar, fordelt på 24 tilbydarar. Det er stor variasjon i bruk av ordninga mellom kommunane, noko som indikerer at potensiale for ordninga i mange tilfelle er større enn kva som har vore unytta så langt. Her er kommunane si rolle som kjøpar av slike tenester sentral. Dersom kommunane søker etter nye arenaer å utvikle eige tenestetilbodet på, og ser etter partnarar å utvikle tenestetilbodet saman med, er Inn på tunet eit alternativ. Kommunane som har prøvd ordninga, har positive erfaringar, noko som mellom anna skuldast at tilboda lett kan tilpassast individuelle behov, og at tilboda held høg fagleg kvalitet. Å sikre kvalitet på tilboda som blir gitt er såleis grunnleggande. Dette krev godt samarbeid mellom kommunane og tilbydarane.

© Forfattarar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.



## Forord

Notatet «Inn på tunet i Sogn og Fjordane» er basert på prosjektet «*Inn på tunet i kommunal tenesteproduksjon – frå prosjekt til drift*». Prosjektet var opphavleg initiert av Møreforsking og vart gjennomført med støtte frå Regionalt Forskingsfond Vestlandet og Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Data vart samla inn i 2012. Arbeidet den gongen blei gjennomført av underteikna, i tillegg til Geirmund Dvergsdal og Margrethe Eikrem Aarset.

Notatet «Inn på tunet i Sogn og Fjordane» er lagt spesielt til rette for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og det arbeidet dei gjer med Inn på tunet-ordninga i eige fylke.

Kontaktperson hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vore Karoline Aldis Bjerkset. Vi takkar for godt samarbeid!

Volda juni 2014

Finn Ove Båtevik

## **Innhold**

Forord.....	5
Figur- og tabelliste.....	7
Inn på tunet-ordninga i Sogn og Fjordane.....	8
Ansvarsområde.....	8
Bruk av Inn på tunet.....	8
Kjennskap til ordninga blant områdeleiarane .....	9
Tilbydarar og brukarar i tal.....	10
Område og brukargrupper .....	11
Erfaringar med ordninga .....	12
Grunnar til å bruke Inn på tunet .....	12
Grunnar til at Inn på tunet ikkje blir brukt lengre .....	13
Grunnar til fråvær i bruk av Inn på tunet .....	14

## Figur- og tabelliste

Figur 1. Kommunar på Vestlandet som har erfaring med å bruke eller som brukar Inn på tunet fordelt på fylke. Våren 2012. Prosent. ....	9
Tabell 1. Områdeleiarar etter ansvarsområde. ....	8
Tabell 2. Kjennskap til Inn på tunet-ordninga blant områdeleiarane. Absolutte tal og prosent. ....	9
Tabell 3. Tal tilbydarar og tal brukarar etter kva område områdeleiar har ansvar for. Tala er basert på tilbakemeldingar frå dei 9 områdeleiarane som nyttar ordninga på sitt ansvarsområde i 2012. Absolutte tal. ....	10
Tabell 4. Områdeleiarar i kommunar som brukar Inn på tunet fordelt etter brukarar per tilbydar ordninga har. Absolutte tal og prosent. ....	10
Tabell 5. Områdeleiarar som brukar Inn på tunet fordelt etter område ordninga blir brukt på. Basert på tilbakemelding frå områdeleiarar. Absolutte tal og prosent. ....	11
Tabell 6. Områdeleiarar som brukar Inn på tunet fordelt etter kva aldersgrupper som får tilbod om ordninga. Basert på tilbakemelding frå områdeleiarar. Absolutte tal og prosent. ....	11
Tabell 7. Områdeleiarar i kommunar som brukar Inn på tunet fordelt etter korleis dei summerer opp erfaringane med ordninga. Absolutte tal og prosent. ....	12
Tabell 8. Områdeleiarar i kommunar som brukar Inn på tunet fordelt etter korleis dei vurderer ulike sider ved ordninga. Absolutte tal. ....	12

## Inn på tunet-ordninga i Sogn og Fjordane

Inn på tunet er eit felles omgrep for eit mangfaldig tilbod på gardsbruk innretta mot ulike brukargrupper innan helse, omsorg, rehabilitering/habilitering og oppvekst. Tilbodet vert tilrettelagt for aktuelle brukarar/målgrupper. Konseptet inngår i ein del kommunar som eit tillegg til kommunal tenesteproduksjon. Offentlege aktørar blir sett på som den mest sentrale kjøparen av tenestene. I kva grad og i kva omfang kommunane kjøper slike tenester, varierer mykje.

I dette notatet ser vi nærare på omfanget av Inn på tunet-ordninga i Sogn og Fjordane. Det som særpregar vårt arbeid, er at vi har sett på ordninga frå kjøparane av ordninga sin ståstad, det vil seie primærkommunane. Dette i motsetnad til mykje av anna arbeid som er gjort på feltet, der det først og fremst har vore sett på brukarsida.

Data i dette notatet er basert på tilbakemeldingar frå områdeleiarar som representerer kommunar i Sogn og Fjordane. Det kom inn svar frå 15 av 26 kommunar i fylket. Særleg Nordfjord var dårleg representert, der det ikkje kom inn svar frå ein einaste områdeleiar. Tal svar var i alt 23. Dette betyr at vi frå åtte av kommune fekk svar frå to områdeleiarar, medan vi fekk svar frå ein områdeleiar i kvar av dei sju andre kommunane.

For nærare informasjon om prosjektet som ligg til grunn for notatet og tenkinga bak dette, sjå rapporten «*Inn på tunet*» - *kvalitet og skreddarsaum i kommunale tenester* (<http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=650&id=1088>).

## Ansvarsområde

Tabell 1. Områdeleiarar etter ansvarsområde.


	Tal kommunar	Prosent	N
Barnevern	0	0	23
Oppvekst	10	57	23
Helse- og omsorg	13	57	23

Dei 23 områdeleiarane frå Sogn og Fjordane som deltok i undersøkinga fordeler seg slik: 10 med ansvar for oppvekstsektoren og 13 med ansvar for helse- og omsorgssektoren. Ingen har barnevern som ansvarsområde. Det er likevel nokre som melder at barnevernet er brukarar av ordninga i kommunen dei representerer (sjå under).

## Bruk av Inn på tunet

Områdesjefane gav tilbakemelding om bruken av Inn på tunet-ordninga på eige ansvarsområde. I tillegg vart ordførarar og rådmenn spurde om kommunen brukte ordninga. Figuren under oppsummerer svara frå alle gruppene.





Figur 1. Kommunar på Vestlandet som har erfaring med å bruke eller som brukar Inn på tunet fordelt på fylke. Basert på svar frå områdeleiarar, rådmenn og ordførarar. Våren 2012. Prosent.

Inn på tunet er kjent i dei fleste kommuneorganisasjonane på Vestlandet. Godt over halvparten av kommunane har brukt Inn på tunet (61 prosent av kommunane har brukt ordninga i alt, medan 44 prosent brukte den aktivt våren 2012).

- Kommunane i Sogn og Fjordane brukar Inn på tunet-ordning i like høg grad som kommunane elles på Vestlandet
- Det er likevel nokre færre av kommunane i Sogn og Fjordane enn i Møre og Romsdal som også har tidlegare erfaringar med ordninga. Elles skil situasjonen i Sogn og Fjordane seg lite frå situasjonen i dei to andre fylka som var med i undersøkinga.

## Kjennskap til ordninga blant områdeleiarane

Tabell 2. Kjennskap til Inn på tunet-ordninga blant områdeleiarane. Absolutte tal og prosent.

	Tal områdeleiarar	Prosent
Ja, eg kjenner ordninga og kommunen kjøper tenester på mitt tenesteområde	9	39
Ja, eg kjenner ordninga og kommunen har tidlegare kjøpt tenester på ansvarsområde	4	17
Ja, eg kjenner ordninga, men kommunen har så langt eg kjenner til ikkje kjøpt tenester på mitt ansvarsområde	7	30
Nei, eg kjenner ikkje til ordninga	3	13
I alt	23	100

- I alt 20 av 23 områdeleiarar kjenner til ordninga «Inn på tunet». Kjennskapen til ordninga er såleis like god i Sogn og Fjordane som på resten av Vestlandet. Om vi bruker kommunen som analyseeinng, er ordninga i alle fall kjent i 14 av dei 15 kommunane som har svart på undersøkinga.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> I den der vi ikkje har registrert kjennskap til ordninga, er det berre svar frå ein områdeleiar. I kva grad dei områdeleiarane som ikkje har svart kjenner ordninga eller ikkje, veit vi sjølvstakt ikkje.

- I alt 13 områdeleiarar har erfaring med ordninga gjennom eiga stilling, der 9 av desse igjen hadde aktive tilbod innan sitt ansvarsområde i 2012. I og med at to områdeleiarar arbeider i same kommune, indikerer tala at det er åtte av dei kommunane som er med i kartlegginga som brukte ordninga i 2012.

## Tilbydarar og brukarar i tal

Tabell 3. Tal tilbydarar og tal brukarar etter kva område områdeleiar har ansvar for. Tala er basert på tilbakemeldingar frå dei 9 områdeleiarane som nyttar ordninga på sitt ansvarsområde i 2012. Absolutte tal.

Ansvarsområde områdeleiar	Tal tilbydarar	Tal brukarar
Oppvekst	7	14
Helse- og omsorg	17	47
I alt	24	61

Tabell 4. Områdeleiarar i kommunar som brukar Inn på tunet fordelt etter brukarar per tilbydar ordninga har. Absolutte tal og prosent.

	Tal områdeleiarar	Prosent
1 brukar	0	0
2-3 brukarar	5	56
4 brukarar eller meir	4	44
I alt	9	100

Det mest vanlege er at områdeleiarane har ein eller to tilbydarar å forholde seg til (gjeld 5 av 9 områdeleiarar). Det er også vanleg at det er 2-3 brukarar som høyrer inn under ansvarsområde til områdeleiarane (nærare bestemt 5 av 9).

Det er likevel kommunar der omfanget av tilbydarar og talet brukarar er større.<sup>2</sup> Ein av områdeleiarane melder om 15 brukarar fordelt på 4 tilbydarar (Luster kommune). I tillegg kjem dei to områdeleiarane i frå same kommune som rapporterer om 12 brukarar fordelt på 5 tilbydarar (Gaular kommune). Ingen av desse kommunane er av dei største kommunane i fylket, sjølv om begge ligg i omlandet til kvar sin «sentrumskommune», noko som gir potensiale for rekruttering av brukarar frå ein større «marknad» enn den kommunen sjølv representerer.

Arbeidet som har vore gjort for å utvikle tilbodet, anten frå kommune eller frå tilbydarar, eventuelt frå kommune og tilbydar i samarbeid, har truleg vore ein vel så viktig faktor for at ordninga har større omfang i desse kommunane enn i dei andre. Slik sett er det grunn til å tru at potensiale i ordninga er større enn det som er teke ut så langt i mange kommunar.

<sup>2</sup> Vi må ta eitt atterhald, når det gjeld tala våre. Frå den kommunen som har flest tilbydarar, kom det svar frå to områdeleiarar. Begge rapporterer om 5 tilbydarar og 12 brukarar. Vi kan ikkje utelukke at begge tenkjer på dei same tilbydarane og same brukarane, sjølv om spørsmålet dei skulle svare på spesifiserte at det gjaldt deira eige ansvarsområde. Det kan til dømes vere snakk om at tilbydarane har tilbod som dekkjer begge avvarsområda.

## Område og brukargrupper

Tabell 5. Områdeleiarar som brukar Inn på tunet fordelt etter område ordninga blir brukt på. Basert på tilbakemelding frå områdeleiarar. Absolutte tal og prosent.

	Tal områdeleiarar	Prosent	N
Skule	6	26	23
Psykisk helsevern	5	22	23
Barnevern	4	17	23
Rusomsorg	3	13	23
Anna	3	13	23
Omsorg for demente	2	9	23
Habilitering	1	4	23
Rehabilitering	1	4	23
Arbeidsretta tiltak (attføring)	0	0	23
Barnehage	0	0	23
SFO	0	0	23

Dei tre områda der ordninga Inn på tunet blir mest brukt på Vestlandet er skule, psykisk helsevern og barnevern. Situasjonen i Sogn og Fjordane speglar dette. Sjølv om det ikkje er døme i materialet på bruk av ordninga i arbeidsretta tiltak, barnehage og SFO for Sogn og Fjordane sin del, dekkjer ordninga mange felt. Her må vi hugse på at registreringa i praksis berre dekkjer åtte kommunar (representert ved ni områdeleiarar) som brukte ordninga aktivt i 2012.

Av tabellen kan vi såleis lese at i alt seks av ni områdeleiarar brukar Inn på tunet-ordninga til brukarar frå skulen. I praksis betyr dette at det også seie at det er seks av åtte kommunar som brukar ordninga på dette området. Dette viser også at fleire av dei kommunane som først brukar ordninga, også bruker den ofte på meir enn eitt område. Ein av kommunane i fylket brukar ordninga på brukar ordninga på både skule, psykisk helsevern, barnevern, rusomsorg og habilitering.

Tabell 6. Områdeleiarar som brukar Inn på tunet fordelt etter kva aldersgrupper som får tilbod om ordninga. Basert på tilbakemelding frå områdeleiarar. Absolutte tal og prosent.

	Tal områdeleiarar	Prosent	N
Barn i førskulealder	1	11	9
Barn i barneskulealder	4	44	9
Ungdom i ungdomsskulealder	5	56	9
Ungdom i vidaregåande skulealder	6	67	9
Vaksne	6	67	9
Eldre	1	11	9
Anna	2	22	9

Vaksne og barn i ungdomsskulealder er dei største brukargrupperne for Vestlandet sett under eitt. Det som skil situasjonen i Sogn og Fjordane noko frå resten av Vestlandet, er at det er ein stor del av

områdeleiarar i Sogn og Fjordane som rapporterer om at dei har tilbod til ungdom i vidaregåande skulealder.

## Erfaringar med ordninga

**Tabell 7. Områdeleiarar i kommunar som brukar Inn på tunet fordelt etter korleis dei summerer opp erfaringane med ordninga. Absolutte tal og prosent.**

	Tal områdeleiarar	Prosent
Vi har berre gode erfaringar med «Inn på tunet»-ordninga	6	67
Vi har hovudsakeleg gode erfaringar med «Inn på tunet»-ordninga	3	33
Vi har både gode og dårlege erfaringar med «Inn på tunet»-ordninga	0	0
Vi har hovudsakeleg dårlege erfaringar med «Inn på tunet»-ordninga	0	0
Vi har berre dårlege erfaringar med «Inn på tunet»-ordninga	0	0
I alt	9	100

Områdeleiarane som har erfaringar med bruk av Inn på tunet er jamt over positive til ordninga. Medan 6 rapporterer at dei berre har gode erfaringar med ordninga, har dei tre andre i hovudsak gode erfaringar.

**Tabell 8. Områdeleiarar i kommunar som brukar Inn på tunet fordelt etter korleis dei vurderer ulike sider ved ordninga. Absolutte tal.**

	Heilt einig	Nokså einig	Både/og	Nokså ueinig	Heilt ueinig	I alt
Økonomisk konkurransedyktig tilbod	2	4	3	0	0	9
Kvalitativt godt fagleg tilbod for brukarane	6	2	1	0	0	9
Gir eit tilbod som kan tilpassast grupper som kommunen elles vil ha problem med å finne eit godt tilbod til	7	2	0	0	0	9
Fremjar det tverrfaglege arbeidet internt i kommuneorganisasjonen	5	2	0	0	1	8*

\*Manglande svar frå ein av områdeleiarane

Dei positive erfaringane til områdeleiarane viser også att på følgjande måtar:

- Alle områdeleiarane som har erfaring med ordninga opplever at Inn på tunet er ei ordning som kan tilpassast grupper som kommunen elles vil ha problem med å finne eit godt tilbod til
- 8 av 9 meiner også at ordninga i hovudsak gir eit godt fagleg tilbod til brukarane
- 6 av 9 meiner også at tilboda er økonomisk konkurransedyktige
- 7 av 9 meiner også at ordninga fremjar tverrfagleg arbeid internt i kommuneorganisasjonen. Her er det ein av områdesjefane som derimot opplever at dette slett ikkje er tilfelle i kommunen han eller ho representerer

## Grunnar til å bruke Inn på tunet

Blant områdeleiarar som brukar Inn på tunet, er det ei grunngeving som stikk seg klart ut i forhold til andre; omsynet til brukarane. Dette gjeld for heile Vestlandet, og det gjeld også i Sogn og Fjordane.

Nesten alle er innom eitt eller fleire slike moment når dei skal svare på spørsmålet: Kva er dei tre viktigaste grunnane til at de brukar Inn på tunet på ditt ansvarsområde i kommunen?<sup>3</sup>

Det at ein gjennom ordninga får eit alternativ til tradisjonelle kommunale tilbod, samt kvaliteten på tilbodet, er moment som også går igjen i grunngevingane som blir gitt både på Vestlandet sett under eitt og i Sogn og Fjordane. Ut over dette er det meir enkeltståande grunngevingar også nemnde.

Nedanfor har er alle kommentarane frå områdeleiarane frå Sogn og Fjordane lista opp:

- **Brukarorienterte grunngevingar:**
  - o Pedagogisk opplegg tilpassa brukar
  - o Opplegg for brukarar som treng ein alternativ skuledag
  - o Nokre brukarar treng ei spesiell tilrettelegging
  - o Gjev eit tilbod som gjev avveksling og positiv erfaring for brukarane
  - o Få individuelt tilpassa praktisk opplegg
  - o Tilpassa opplegg i eit alternativt miljø
  - o For å sikre ein breidde i aktivitetar i høve å treffe interesser og behov hjå brukarane av tenesta
  - o Det er et godt opplegg, tilrettelagt for ulike grupper, arbeidstrening
  - o Inn på tunet gjev gode og varierende meistringsopplevingar. Desse kan vi ikkje tilby i vanleg oppfølgingsteneste
  - o Inn på tunet fangar opp brukarar og gjev tilbod til dei som ikkje enno er heilt klar for utprøving i vanleg arbeidsliv
- **Behov for alternativ til kommunale tilbod:**
  - o Ville vere vanskeleg for kommunen å få til eit tilsvarande tilbod.
  - o Dette er tilbod som er vanskeleg å drifte for kommunen sjølv.
  - o Kommunen har ikkje kapasitet til å byggje opp eit tilbod sjølv
  - o Ville hatt vanskar med "å lage tenestene" sjølv
- **Kvalitet**
  - o Kvalitet i tilbodet
  - o Gode, mangfald og kvalitative tenester og vi får mykje tenester for det vi betalar for
- **Andre grunngevingar:**
  - o Fremje lokalt næringsliv
  - o Tilbod om arbeid med dyr
  - o Gaular kommune har vore ein pionerkommune innan IPT

## Grunnar til at Inn på tunet ikkje blir brukt lengre

Blant områdeleiarar som representerer kommunar som har brukt Inn på tunet tidlegare, er grunngevinga mangel på tilbydarar nemnt oftast i Sogn og Fjordane, medan økonomi var vanlegare brukt som grunngeving i dei andre fylka. Økonomi er berre nemnt av ein områdeleiar i Sogn og Fjordane, frå dei som har brukt ordninga tidlegare. I tillegg er vanskar med å tilby den kvaliteten som blir kravd og at ein opplever at behovet ikkje er til stades, også nemnde. Nedanfor har er alle kommentarane frå områdeleiarane frå Sogn og Fjordane lista opp:

---

<sup>3</sup> Sjølv om oppfordringa var at ein skulle oppgi tre grunnar, var det enkelte som berre oppga ein grunn eller to grunnar

- **Mangel på tilbydarar**
  - Primært fordi det ikkje er tilbod i kommunen og ein må vurdere kvaliteten i tilbodet og dei personlege eigenskapane hos drivar av tiltaket
  - Vanskeleg tilgjengeleg. Har ikkje tilbodet i eigen kommune
  - Geografiske avstandar
- **Økonomisk grunngjeving:**
  - Tilboda kostar mykje og er der ikkje drivarar med pedagogisk kompetanse krev det dobbelt med ressursar
- **Kvalitet:**
  - Innhald og kvalitet i tilboda er ikkje alltid foreinlege med krav i opplæringslova i forhold til pedagogisk innhald
- **Behov**
  - Vi har for tida ikkje behov for denne tenesta

## Grunnar til fråvær i bruk av Inn på tunet

Dei vanlegaste grunngjevingane blant områdeleiarar som aldri har brukt Inn på tunet kan plasserast under fire overskrifter; økonomi, mangel på tilbydarar, manglande behov og manglande kunnskap. Grunngjevingane til områdesjefane i Sogn og Fjordane skil seg lite frå dei grunngjevingane som elles blir brukte blant områdesjefane eller på Vestlandet. Nedanfor har er alle kommentarane frå områdeleiarane frå Sogn og Fjordane lista opp:

- **Økonomi**
  - Ikkje tilstrekkelege økonomiske rammer for nye tiltak
  - Manglande ressursar i høve til planlegging og økonomi, dette må verta ei erstatning for eksisterande tilbod, ikkje ny utgiftspost. Dersom me kan visa at dette vil vera meir effektiv ressursutnytting og eit betre tilbod enn me tilbyr per i dag
  - Vurdere økonomisk handlingsrom
- **Mangel på tilbydarar**
  - Veit ikkje om tenestetilbod i nærområdet
  - Ikkje fått konkrete tilbod
- **Manglande behov**
  - Ikke aktuelt i øyeblikket
- **Manglande kunnskap**
  - Treng betre oversikt over muligheiter
- **Andre grunnar**

- Det har ikkje vore aktuelt tema i min periode som kommunalsjef
- Vi ynskjer å knyte til oss lærarar som kan nytte allsidig læringsarenaer, ikkje kjøpe hos andre med andre typer arbeidstidsavtaler o.l. meir enn naudsynt